

Kolstad 6/11-23

Svar på klage frå Statsforvaltar for vedtak om dispensasjon for oppføring av naust på GBNR 58/77 i Alver kommune.

I klagen frå Statsforvaltar er det i første avsnitt på side 2 vist til at arealformålet i utgangspunktet skal vera ubygd. Vi legg ved oversiktskart som syner at det meste av «Lygrestein» i den sørlege delen allerede er bygd på. Oversiktskartet underbyggjer også i stor grad våre kommentarar til Statsforvaltar sine påstander/ argument.

I andre avsnitt på side 2 er det vist til 100 meters belte og omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser jfr. pbl. §1-8 fyrste ledd. Strandsona skal haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast.

I tredje avsnitt er det vist til omsyn som skal takast i LNF- område vedkomande landbruk, natur og friluftsliv. Vidare til føresegner 3.5.1 i kommuneplanen vedkomande fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske og at tiltak eller inngrep som er i konflikt med dette ikkje er tillate, herunder flytebrygger og kaianlegg.

I fjerde avsnitt har Statsforvaltar vist til at dei frårådde dispensasjon mellom anna ut frå omsyn til at dette er eit friluftsområde som er mykje brukt til padling og turar med småbåtar.

I femte avsnitt hevdar Statsforvaltar at dei ikkje kan sjå at det er tidlegare inngrep på dei (?) aktuelle områda, men at det er ein kai og ei flytebryggje i *nærleiken*. Vidare at det er naudsynt med ganske store terrenginngrep for å setje opp naustet og at det skal fyllast ut i sjø for lunnar til båttopptrekk. Statsforvaltar hevdar dette vil auke privatisering og påverke landskapet slik at det vert meir bygd og at dette påverkar friluftsverdiane i området negativt. Vidare at naustet vil byggje ned natur/ grønstruktur i strandsona.

Vårt synspunkt er som følgjer:

- Søre del av Lygrestein er allerede utbygd med 7 hytter og fleire naust. Vedkomande almenne interesser, kulturmiljø, friluftsliv og landskap kan vi på ingen måte sjå at dette tiltaket vil endre på dagens situasjon. Naust og bryggje ligg tett opp til og i stor grad «i skjul» bak eksisterande kai/ flytebryggje.
- Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til redusert aktivitet eller redusert naturoppleving for båtfolket enten det gjelder roing, padling eller motoriserte friluftsfartøy. Ei heller påverke status for «Den indre farleia».
- Vi kan ikkje sjå at Statsforvaltar kan leggje til grunn at det ikkje er gjort tidlegare inngrep på dei (?) aktuelle områda. Oversiktskartet syner det stikk motsette. Eksisterande hytter ligg svært nær sjøkanten og omsøkt tiltak vil ha marginal innverknad på privatisering. Naustet vil liggje svært godt «gøymd» frå det meste av leia og slik vi ser det ikkje påverke opplevd grad av utbygging i det heile. Der naustet er plassert er det i dag villniss og svært grunn/ tynn grastorv. Terrenginngrepa vil være moderate og ikkje «ganske store» slik Statsforvaltar hevdar.

- Vedkomande Statsforvaltar sine kommentarar om dagens tilkomst og vurdering av felles anlegg er det slik at tilkomst over naboeigedom nok kan fungere som den alltid har gjort. Det er derimot ikkje mogeleg å anleggje kai/bryggje der tilkomsten er i dag. Dette ut frå at det er svært lang-grunt og «fjærar tørt». Dersom det skal anleggjast felles bryggje/kai båtopptrekk etc. Vil det måtte sprengjast eit relativt stort område i sjø for å oppnå tilstrekkelig djupne. Vi sende eit flyfoto som syner dette og legg det også ved her. Ut over dette vil det også over lengre tid kunne føre til usemje/konfliktar mellom naboane.
- Vår samla vurdering er at fare for at dispensasjon i denne saka vil kunne gi grunnlag for presedens ikkje er tilstade. For øvrig viser vi til våre kommentarar i søknaden.

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule

Vedlegg:

- Oversiktskart som syner dagens situasjon.
- Flyfoto som syner tilhøva i strandsona der dagens tilkomst er.